

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

FISKERI· DIREKTORATET



RESSURSSITUASJONEN
FOR NORSK FISKERINÆRING

av

fiskeridirektør Knut Vartdal

Fiskeridirektoratet Biblioteket
FISKDIR
S 139 Res eks 3



06VF02391

RESSURSSITUASJONEN
FOR NORSK FISKERINÆRING

av

fiskeridirektør Knut Vartdal

Foredrag på Landsmøtet i Norges Fiskarlag,
Trondheim, 7. september 1978

Fiskeridirektoratet
Bergen 1978

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

05 / 100 / 123.411

eln-3

Fiskeridirektør Knut Vartdal.

Foredrag på Landsmøtet i Norges Fiskarlag 7. september 1978.

Ressurssituasjonen for norsk fiskerinæring.

1. Innleiing.

For 2 år sidan hadde eg høve til å gje ei orientering for landsmøtet i Norges Fiskarlag om "Ressurssituasjonen - nasjonale og internasjonale reguleringar i fisket." Sidan den gong har norsk fiskerinæring vore gjennom ein epoke med etablering av Noreg si økonomiske sone på 200 n.mil. I norsk fiskerihistorie vil dette utvilsomt bli ei av dei viktigaste hendingane i dette århundret. For 2 år sidan var vi like fram for opprettinga av sonen og det var sjølvsagt stor uvisse blant alle både i næringa og i administrasjonen om korleis den økonomiske sonen ville virke. Det er endå for tidleg å trekkje sikre konklusjoner, men ein ser alt i dag ein del resultat og korleis desse verker inn på dei ulike deler av næringa.

Sidan førre landsmøte er det også framlagt ein langtidsplan for fiskerinæringa. I planen er der gitt prognoser for totalutbyttet for dei viktigaste fiskeslag "omkring 1980" og "omkring 1985". Den delen som Noreg kan rekne med å disponere av totalutbyttet, er gitt samla for 6 grupper. (Eg viser til vedlagte kopi av s.61 i St. melding nr. 18 1977-78.) Desse prognosene vart utarbeidd tidleg i 1977. Ein har no opplysningar som gir grunn til å justere prognosene på enkelte punkt.

Ved omtalen av situasjonen for våre viktigaste fiskebestander og i omtalen av samarbeidet med andre land, vil eg spesielt prøve effekten av den økonomiske sonen og peike på dei oppgåver som er spesielt viktige å få løyst.

Det bør først av alt understrekast to forhold som er nokså fundamentale og som ofte vert gløymt når den økonomiske sonen vert diskutert.

Opprettinga av Noreg si økonomiske sone bygg på utkastet til havrettstraktat i frå FN's 3.havrettskonferanse som hittil

005308

har halde 7 sesjonar. Sjølv om konferansen endå ikkje har avslutta sitt arbeid, har utkastet til havrettstraktat gjennom statspraksis vore med å danne folkerett ved at det har vorte oppretta økonomiske soner i ei rekke land rundt om i verda.

I eit land som vårt der vi totalt sett får fordelar av denne utviklinga, må det ikkje gløymast at utkastet til havretts-traktat også legg store plikter på kyststaten. Kyststaten har plikt til å forvalte fiskeressursane i sonen på ein rasjonell måte. Noreg har såleis ansvar for at det i vår sone vert gjennomført reguleringar som medvirker til at bestandane kan gi maksimalt varig utbytte. Dette bør understrekast fordi vi med det store havområdet som vår økonomiske sone dekker, har ansvaret for svært fiskerike område som før var fritt tilgjengelege for ei rekke europeiske fiskerinasjonar. Det bør også understrekast fordi det av og til kan høyrast ut som om vi åleine kan utnytte ressursane i vår sone som det passer oss sjølv. Det er ikkje tilfelle. Etter utkastet til havrettstraktaten har vi også plikt til å sleppe andre land til å fiske på "overskot", d.v.s. det vi sjølv ikkje har kapasitet til å ta.

Det andre forhold som det er grunn til å understreke innleiingsvis er at situasjonen for Noreg på mange måter er spesiell fordi vi må dele våre viktigaste fiskebestandar med andre land. Det er først og fremst Sovjetunionen og EF-landa og i mindre grad Færøyane og Sverige, i framtida truleg også Island. Dette gjer situasjonen for oss på mange måter langt meir komplisert enn den er for dei land som får ressursane under tilstrekkeleg kontroll i eiga sone. I forhold til land som er i ein slik heldig situasjon, er vår situasjon med fellesbestander svært komplisert. Utkastet til havrettstraktat gir inga rettleiing om korleis slike fellesbestandar skal delast. Det heiter berre at kyststatane skal samarbeide. Dette vil seie at Noreg og desse landa må finne fram til prinsipp for korleis desse fellesbestandane skal utnyttast rasjonelt og korleis dei skal delast.

Diskusjonen om rasjonell utnytting har pågått lenge før sonene vart oppretta. Forumet var då Kommisjonen for fisket i det nordaustlege Atlanterhav (NEAFC).

Deling av fellesbestandar er noko nytt. Før dei økonomiske sonene vart oppretta var det spesielt det "historiske" fisket som vart nytta som fordelingskriterium (som oftast fisket i siste 10-års-periode). Det er langs slike linjer fordelinga mellom Noreg og EF og Noreg og Sovjetunionen har gått også etter at sonene vart oppretta.

Det har vore pekt på at meir "varige" fordelingar må bygge på kriterier som gyte-, beite-, oppvekst- og fiskeområde. Personleg trur eg det vil ta svært lang tid før ein kjem til å kunne legge slike kriterier til grunn for fordeling av fellesbestandar.

Fellesbestandar skaper også eit anna problem fordi ein ved gjennomføring av reguleringstiltak ikkje kan gå fortare fram enn det den andre eller dei andre partane vil. Dette har vi sett i praksis etter mindre enn 2 år med økonomisk sone. Sett på bakgrunn av røyntslene frå dei internasjonale fiskerikommisjonane burde vel ikkje dette vere så uventa.

2. Situasjonen for våre viktigaste fiskebestandar.

I eit foredrag som dette vert det berre tid til å omtale nokre få fiskebestandar. Eg har valt å ta med bestandar der det er grunn til å vere spesielt oppmerksom på eit eller fleire forhold. Andre bestandar slik som t.d. lange, brosme, pigghå, blåkveite, rødfisk, tobis, øyepål og reke kan vere like viktige. Situasjonen for desse er ikkje så spesiell og derfor har eg ikkje omtalt dei i dette foredraget.

2.1. Norsk-arktisk torsk.

Frå og med 1965 til og med 1968 var det berre dårlege årsklasser av torsk. Dette vekte stor uro i førstninga av 1970-åra. Nokre sterkare årsklasser fra og med 1969 har gitt aukande gytebestand og aukande skreifiske i siste halvdel av 1970-åra. Men også etter 1970 er det svake torske-årsklasser (spesielt 1974 og 1976). I forhold til situasjonen den kjønnsmodne del av torskebestanden var i for 3-4 år sidan, er det likevel ei klar betring. Havforskarane har sett som mål å få gytebestanden opp i 1 mill. tonn. Dei trudde i fjor at ein i år ikkje skulle vere så langt i frå dette målet. Dei siste utrekningane frå Havforskningsinstituttet viser at dette ikkje er tilfelle, no rekner forskarane med at gytebestanden i vinter berre var omlag 500.000 tonn.

Kva som kan være årsaka til den store skilnaden er ikkje heilt enkelt å seie. Den viktigaste årsaken kan vere at det i 1970-åra har vore nytta mindre maskevidde i trålfisket enn det som har vore fastsett fram til 1977 av NEAFC og frå 1977 av dei to kyststatane. Utrekningar som bygg på lengdefordelinga av dei ulike land sine fangstar, viser dette heilt klart. Det er land som må ha ei gjennomsnittleg maskevidde på berre ca. 100 mm mot

120/130 mm som minste lovlege maskevidde. Våre forskarar trur no at trålfisket dei siste åra har vorte forskjøve meir mot dei yngre årsklassene enn det som var tilfelle i førstninga av 1970-åra.

Her kan nok størsteparten av svikten forklarast.

Det kan vel også vere grunn til å tru at dei kvoter som vart fastsett i NEAFC for 1975 og 1976 vart noko overfiska. For å unngå mistyding på dette punkt vil eg likevel understreke at NEAFC-kvotearvitalane utvilsomt var av svært stor verdi. Dei kom i ein fase då alle land såg at det var like før også den norsk-arktiske torskebestanden ville kome under kyststatane sin kontroll. Derfor prøvde fleire land å trappe opp sitt fiske. Fisket i 1975 og 1976 hadde utan tvil vore langt større hadde vi ikkje hatt desse NEAFC-reguleringane.

For i fjor og i år er det avtalt same totalkvote mellom Noreg og Sovjetunionen som NEAFC-kvotene i 1975 og 1976, nemleg 810.000 tonn. I tillegg kjem 40.000 tonn murmansk-torsk som bestandsmessig må reknast som norsk-arktisk torsk og 40.000 tonn norsk kysttorsk.

Dei årsklassene som skal gje rekruttering til gytebestanden i 1980-åra er av varierende styrke. Havforskarane understreker påny at målet om ein gytebestand på 1 mill. tonn bør nåast så snart som mogleg. Med 3 ulike kvotealternativ for 1979 har Havforskningsinstituttet vist kor stor gytebestand vil bli i 1980. Det høgste som går ut på å ha same totalkvote for 1979 som dei fire foregåande år, vil gje ein gytebestand i 1980 på knapt 600.000 tonn. Dersom kvantumet i 1979 vert redusert i høve til kvotene i åra 1975-78, vil gytebestanden sjølvsagt auke meir. Ein totalkvote for 1979 på 530.000 tonn vil gje ein gytebestand i 1980 på vel 700.000 tonn.

Desse utrekningane frå Havforskningsinstituttet vert seinare i denne månaden lagt fram på eit møte i Det internasjonale Havforskningsråd (ICES) som i løpet av oktober vil gje tilråding om totalkvoten for 1979. Det vil vere ein fordel om ICES på same måte som Havforskningsinstituttet gir alternative totalkvoteforslag. Det er i alle fall for tidleg no å kome med vurderingar av kva slags totalkvote for 1979 som Noreg bør gå inn for i tingingane med Sovjetunionen seinare i oktober. Ein vil stå overfor ei avveging mellom dei meir kortsiktige interessar om å oppretthalde noverande totalkvote og snarast å nå ein gytebestand på 1 mill. tonn.

Det seier seg sjølv at vesentlege endringar i den totalkvoten som vi nå har for 4. år på rad, vil komplisere tingingane både med Sovjetunionen og andre land. På den andre side må vi hugse at eit fiske på 8-900.000 tonn i 4 år på rad, er forholdsvis høgt.

I langtidsplanen er det rekna med eit totalutbytte "omkring 1980" på 800.000 tonn og "omkring 1985" på 900.000 tonn (eksklusiv kysttorsk og Murmanskorsk). Skal det bli ein auke i forhold til det noverande nivå, må beskatningsmønsteret endrast.

Dette spørsmålet heng nøye saman med den maskevidda som vert nytta i trålfisket. Det er grunn til uro fordi det ikkje har lukkast å få Sovjetunionen med på ei auka maskevidde. Norske fiskeristyresmakter har kome til at ei maskeviddeauke i norsk sone og i fiskervernsona rundt Svalbard, har liten effekt utan ein auke også i russisk sone. Det seier seg sjølv at slike reguleringar bør gjennomførast i heile torsken sitt vandringsområde. Spesielt viktig er det austlege Barentshavet fordi konsentrasjonen av ungtorsk er langt større der enn i norsk sone. Det er også heilt forståeleg at norske fiskarar ikkje vil gå med på ytterlegare auke i maskevidda før ein er sikker på at den maskevidde som er avtalt, vert halden. Kva slags maskevidde som no vert nytta i trålfisket i det austlege Barentshav veit ein faktisk mindre om enn før dei økonomiske sonene vart oppretta. Då hadde Noreg (og andre land) høve til å kontrollere maskevidda til alle lands fartøy inn til den russiske 12-mils grensa.

Ein kan heller ikkje kome forbi at Noreg har ein del av ansvaret for at gytebestanden er mindre enn venta. Den norske kvoten vert i år for andre år på rad, overfiska med ca. 50.000 tonn som følgje av den rett som Noreg har til å fiske fritt med passive redskap etter at totalkvota er nådd.

Det er også grunn til å peike på at nesten uansett kva slags beskatning det er på torskebestanden, må ein fortsatt rekne med fluktuasjoner i utbyttet. Poenget er at ved å ha ein stor gytebestand kan ein langt på veg gardere seg mot dei største svingningane og samtidig legge grunnlaget for brukbar rekruttering.

Det vil bli eit hovedmål for norsk fiskeripolitikk i 1980-åra å bli samde med Sovjetunionen om eit rettare fiskemønster for torskebestanden. I klart språk betyr det å få gjennomført tiltak som sikrer at ungfisken blir spart i langt større grad enn i dag. Lukkast det, vil utsiktene vere bra. Lukkast det ikkje, vil ein ikkje nå målet om ein gytebestand på 1 mill. tonn og det

årlege utbytte kan bli lågare enn det prognosen for "omkring 1985" legg opp til (900.000 tonn). Sjølv då mangler det noke på det som forskarane rekner med er det maksimalt varige utbytte av torskebestanden, nemleg 1 mill. tonn. Om eit slikt nivå vert nådd i praksis, er vel meir usikkert.

2.2. Norsk-arktisk hyse

Utbyttet av hysebestanden har svinga endå sterkare i 70-åra enn torskefisket. I 1970 og 1971 var totalutbytte godt under 100 000 tonn for så å stige sterkt i 1972 og 1973, det siste året til 320 000 tonn. Deretter har utbyttet gått ned og var i fjor litt over 100 000 tonn. Nedgangen har samheng både med dei NEAFC-reguleringar som var innført for torsk og styrken av hyseårsklassene. No kjem sterkare årsklasser inn i hysebestanden. ICES sa i mai d.å. at dersom torskeknoten blir den same i 1979 som i 1978, vil totalkvoten for hyse kunne settast til 170 000 tonn for 1979 (150.000 tonn i år). Endeleg råd om totalkvoten for hyse vert gjeven av ICES i oktober d.å.

Når forskerane kobler hyseknoten saman med kvoten for torsk, kjem det av at ein stor del av hysefangstane vert teke som bifangst i trålfisket etter torsk. Derfor er det eit spørsmål om ei særskilt kvantumsregulering av hysefisket fungerer. Forskarane har tidlegare vore inne på at det bør fastsettast ein samla totalkvote for torsk og hyse og at det vert forbod mot å drive direkte trålfiske etter hyse.

Skulle ein for 1979 velje ei slik linje, bør i alle fall den samla kvoten for torsk og hyse ikkje aukast i forhold til 1978 (totalkvote på 960 000). Dette vil kunne gje ein mindre reduksjon i torskefangstane og ein mindre auke i hysefangstane.

Generelt kan det for hyse peikast på at bestanden vil få same nytte av ei maskeviddeauke i trålfisket som torskebestanden. Som for torsk vil dette også vere avgjerande for om langtidsplanen sine prognoser vil halde. Det er der rekna med eit totalutbytte på 200.000 tonn hyse "omkring 1980" og 220.000 tonn "omkring 1985".

2.3. Sei

I norsk sone vert det fiska på to seibestander, reguleringsgrensa er sett ved Stad. Som ved alle slike grenser er det ikkje noke klart skilje mellom dei to bestandane. Sei frå Møre- og Trøndelagsområdet vandrer i stor grad til Nordsjøen. Seibestanden der er ein fellesbestand med EF, medan den nordlege seibestanden

er den einaste av dei viktige fiskeressursane i norsk sone som vi ikkje deler med andre land, d.v.s. at den norske økonomiske sonen omfattar det vesentlege av bestanden sitt vandringsområde.

2.3.1. Sei nord for 62°n.br.

Gytebestanden vart sterkt redusert frå 1974 (ca. 570.000 tonn) til 1977 (ca. 240.000 tonn). Hovedårsaka til dette var auka fiske, både norsk og utanlandsk. Frå 1977 er det utanlandske fisket på denne bestanden sterkt redusert som følgje av dei kvoter som er avtalt med Noreg. Effekten av denne reduksjonen av det utanlandske fisket er noko redusert på grunn av at ein stadig større del av det norske kvantumet vert teke med not. I seinotfisket vert det teke meir småsei enn i garn- og trålfisket.

Forskarane meiner likevel at ein alt no kan sjå resultatet av det nedtrappa utanlandske fisket. Reduksjonen i gytebestanden er stogga og det kan bli ein gytebestand i 1980 på omlag 400.000 tonn. Dette skulle vere nok til å gje sterke årsklasser.

Tilrådd totalkvote for 1979 er 153.000 tonn. I langtidsplanen er det rekna med eit utbytte "omkring 1980" på 200.000 tonn og 220.000 tonn "omkring 1985". Desse tala synes i dag høge. Avgjerande for om utbytte skal kunne aukast vesentleg, er ein reduksjon i småseifisket, og då spesielt i fisket med not på sei under 40 cm. Eit første skritt i denne lei vil vere auke i minstemålet på sei (sjå neste pkt.).

2.3.2. Sei i Nordsjøen.

Først i år kom denne bestanden under kvotekontroll, den var tidlegare ikkje regulert av NEAFC. Problemet i denne bestanden er det same som i den nordlege seibestanden, eit for stort fiske av ungsei. Dette trass i at ein større del av denne seien vert teke med trål. Maskevidda i trålen er vesentleg lågare syd for 64°n.br. (70-80 mm) enn lenger nord (120-130 mm). Medan ein nord for 62°n.br. har problema med seinotfisket, har ein i Nordsjøen problem med industritrålfisket der det vert teke mykje småsei.

Totalkvoten som er avtalt mellom Noreg og EF for i år, 230.000 tonn, er noko høgare enn det ICES har tilrådd, 200.000 tonn. For neste år tilrår ICES same totalkvote, 200.000 tonn.

Generelt må det kunne seiast at skal situasjonen bli tilfredsstillande for begge seibestandane, må fisket av ungsei reduserast. Det første tiltaket i den lei er auke i minstemålet

for sei. Reguleringsutvalget har tilrådd at det fra i haust vert innført eit minstemål nord for Stad på 35 cm, men med ein dispensasjon ned til 32 cm mellom Stad og 64^on.br. fram til utgangen av 1980. Syd for Stad er minstemålet tilrådd sett opp frå 30 til 32 cm.

Fiskeridepartementet har ikkje teke standpunkt til forslaga.

Siktemålet er vidare at frå same dato som det effektive minstemål på 35 cm skal tre i kraft i heile området nord for Stad, 1.januar 1981, skal også minstemålet i seifiske syd for Stad aukast til 35 cm.

Det er heilt klart at eit minstemål på 35 cm vil føre til ei stor strukturendring i seifisket spesielt syd for Stad, men også i enkelte distrikt nord for Stad.

Det skritt som hittil er teke frå norsk side er å få maskevidda i trålfisket auka for området syd for 64^on.br. ICES har rådd til ei maskevidde på 90 mm. I norsk sone tek ein sikte på å gjennomføre dette i to etappar, 80 mm frå komande årsskifte og 90 mm frå 1.januar 1981.

I spørsmålet om auke i maskevidda i trålfisket syd for 64^on.br., står vi overfor nøyaktig det same problemet som i Barentshavet, nemleg kva skjer på den andre sida av delelinja. EF-kommisjonen har i sitt forslag til felles fiskeripolitikk foreslått dei same maskeviddene som det er lagt opp til for norsk sone. Eg trur derfor ikkje at vi vil få dei same problem med å få til ei samtidig maskeviddeauke i Nordsjøen som vi har i Barentshavet. Eg vil likevel legge til at eg trur ikkje at den maskevidden (90 mm syd for 64^on.br.) og det minstemål som det no er lagt opp til (35 cm), løyser alle problem i dei to seibestandane. Før ein går endå lenger, bør ein få sjå resultata av det som no er foreslått.

2.4. Torsk, hyse og kviting i Nordsjøen.

Desse bestandane har vore lite utnytta av norske fiskarar. Det er EF-fiskarane som har teke mesteparten av kvantumet.

Skal ein med få ord skildre tilstanden til desse bestandane, kan det seiast at fisket har vore vesentleg større enn det som gir maksimalt utbytte. I 1975 og 1976 var det NEAFC-kvoter for desse fiskeslaga. I 1977 var situasjonen flytande på grunn av den interne strid i EF. I kvoteavtalen mellom Noreg og EF for 1978 er det fastsatt totalkvotar som ligg litt over det som ICES først hadde tilrådd. Etter at kvoteavtalen mellom Noreg og EF var undertekna, reviderte ICES sine tilrådingar om total-

kvote for 1978. For 1979 er det tilrådd reduksjon i forhold til 1978-kvotene. Dette går fram av følgjande oppstilling (1.000 tonn):

	ICES-tilråding kvote 1978	Revidert ICES- tilråding kvote 1978	Avtalt kvote Noreg-EF 1978	ICES- tilråding kvote 1979
Torsk	220	210	236	183
Hyse	105	105	109	83
Kviting	160	111	168	85

Særleg sterk er reduksjonen for kviting.

Det kan kort seiast at maskeviddeauke og kvoter i samsvar med ICES si tilråding vil være det viktigaste virkemiddel for å kunne få bestandane opp. Lukkast det, vil også dei årlege kvotane kunne aukast mykje. Dermed vil det også bli lettare å få auka dei norske kvotene som for desse fiskeslage er små i 1978-avtalen med EF. Likevel er kvotene store nok for det norske fisket i år.

2.5. Atlanto-skandisk sild.

Situasjonen i denne bestanden burde vere vel kjent: Eit altfor stort fiske på både ungsild og voksen sild frå midten av 1960-åra førde til nesten total utfisking av denne bestanden. I åra 1970, -71 og -72 var det nesten ikkje gytande sild på Norske-kysten og nesten ingen ny-rekruttering. Nokre rester av 1969-årsklassa overlevde og ga grunnlag for ein gytebestand i 1973 på om lag 100.000 tonn. Gytebestanden heldt seg på dette nivå fram til og med 1976. I 1977 kom ein del av 1974-årsklassa inn i gytebestanden, slik at den vart fordobla, d.v.s. til om lag 200.000 tonn.

Det var denne positive utviklinga som gjorde at både havforskarane og eg fann - subsidiært - å kunne tilrå eit fiske i 1977 på 10.000 tonn. Eg la då spesielt vekt på at det var grupper av fiskarar som hadde få alternative fiskeri å delta i, og at eit sildefiske ville vere viktig for desse. Havforskarane kunne gå med på dette fordi gytebestanden var i klar vekst. Når det ikkje vart ein slik vekst frå 1977 til 1978, var deira standpunkt klart, dei kunne ikkje på biologisk grunnlag tilrå noke fiske i år.

Eg støtta deira standpunkt.

For min del la eg også stor vekt på at det i fjor viste seg uråd å kontrollere fisket og omsetning. Kor mykje sild som vart fiska ut over det som er registrert i statistikken (ca. 120.000 hl), kan ingen seie. Det er i alle tilfelle svært uheldig at slikt kan skje. For norske forskarar som takka vere vårt omsetningssystem hittil har hatt ein svært god fiskeristatistikk å arbeide ut i frå, vert det ein klar svikt fordi dei veit ikkje kor stort det totale fisket var i 1977.

Når Regjeringa til slutt avgjorde at 75.000 hl skulle fiskast i år, har Fiskeridirektoratet i samarbeid med Feitsildfiskernes Salgslag prøvd å legge opp til eit betre kontrollapparat enn i fjor. Direktoratet har små midlar til slik kontroll og derfor må salgslaget sin innsats aukast. Det er også heilt rimeleg fordi dei fleste brot på reguleringane i fjor i første rekke var brot på salgslaget sine forretningsreglar. At dei vert etterlevde, er sjølv sagt salgslaga sitt eige ansvar.

Korleis er så utsiktene framover?

Trass i fordoblinga av gytebestanden frå 1976 til 1977, vart 1977-årsklassa svak. Årsaka syns å vere dårlege klekkeforhold. Derimot ser klekkeforholda ut til å ha vore betre i år. 1978-årsklassa er vesentleg sterkare enn 1977-årsklassa. Forskarane rekner vidare med auke i gytebestanden frå 1978 til 1979 fordi 1975-årsklassa neste år vil kome inn i gytebestanden. Lukkast det å halde fisket nede i år og unngå for stor auke i kvoten i 1979, er det ein rimeleg sjanse for at ein i 1980 kan fiske 40.000 tonn som er det nivå det er rekna med "omkring 1980" i langtidsplanen. Utviklinga deretter vert gissing.

Det er såleis klare lyspunkt for denne bestanden samtidig som det er like klart at i forhold til nivået i 1950-åra, er bestanden fortsatt minimal. Derfor må det visast stor varsemd når det gjeld kvotane i åra som kjem. Vert det gjort, er eg optimistisk når det gjeld denne ressursen. Silda kan igjen bli ein av dei viktigaste ressursane for norske fiskarar.

2.6. Nordsjøsild og sild vest for 4^ov.1. (ICES-område VIa).

2.6.1. Nordsjøsild.

Frå 1.mars i fjor vart det innført totalforbod mot fiske av Nordsjøsild både i EF-sona og i norsk sone. ICES hadde tilrådd eit slikt forbod alt hausten 1975. Forbodet gjeld også i år og er av ICES tilrådd også for 1979. Det er opp til Noreg og EF å avgjere om dette rådet skal følgjast for eit år til. Det bør

det. Vert det gjort trur forskarane at gytebestanden vil auke monaleg til 1980, sjølv om det også då vil mangle mykje på at den når nivået på 800.000 tonn som er målet. Likevel, med totalforbod også i 1979, bør eit fiske kunne starte i 1980 og med aukande kvoter ut over i 1980-åra.

Totalforbodet frå 1.3.1977 er utan tvil det viktigaste tiltak som har vore gjort for denne bestanden. Derfor er det svært uheldig at det ikkje er heilt effektivt. Det vert fortsatt fiska mykje sild i Kattegat og Skagerrak. ICES har sagt i frå at dette reduserar effekten av totalforbodet i Nordsjøen. I den siste Ressursoversikten frå Havforskningsinstituttet er det sagt endå klarare: "Det kan ikke være noe tvil om at fisket i dette området (Skagerrak-Kattegat) har bidratt til nedfisking av nord-sjøsilde. Det er derfor viktig for en rasjonell utnytting av bestandene i Nordsjøen og Skagerrak-Kattegat at dette fisket blir stoppet."

Prøver frå norske snurparar som har fiska i Skagerrak i sommar, viser berre umoden sild.

For Skagerrak-området er det ein spesiell avtale frå 1967 som fram til år 2002 som gir danske, norske og svenske fiskarar rett til å fiske inntil 4 n.mil av dei andre landa sine grunnlinjer.

Etter norsk initiativ vart det i fjor gjort fleire forsøk på å få til regulering av fisket i Skagerrak. Det prinsipale norske synet var klart: Totalforbod mot sildefiske også i Skagerrak. Frå norsk side såg ein med stor uro på at sildefisket i Skagerrak vart sterkt opptrappa etter at sildeforbodet i Nordsjøen vart innført.

Det prinsipale norske synet førde ikkje fram og først i september vart det semje om ein avtale for perioden 1.11.-31.12.1977 og for 1978. For sild vart totalkvota for 1978 sett til 14.500 tonn fordelt med 7.000 tonn til Danmark, 2.500 tonn til Noreg og 5.000 tonn til Sverige. Like før hadde Danmark og Sverige inngått ein kvoteavtale for Kattegat for 1978 på heile 50.000 tonn sild (22.000 tonn til Sverige og 28.000 tonn til Danmark). Kattegat-området har ikkje Noreg noke med å gjere.

For 1979 vil det truleg bli EF og ikkje Danmark som skal drøfte Skagerrak- og Kattegat-reguleringane. Det vil dermed bli lettare å koble saman regulering av fisket i Skagerrak og Kattegat med ei forlenging av totalforbodet i Nordsjøen.

I langtidsplanen er det "omkring 1980" rekna med 100.000 tonn Nordsjøsilde og "omkring 1985" 500.000 tonn. Talet for 1980

er kanskje noke høgt. 1985-talet er sjølvsagt endå meir usikkert. Med fornuftige reguleringer treng det likevel ikkje vise seg urealistisk.

Det neste spørsmålet er korleis bestanden vert delt mellom Noreg og EF. Det er norske havforskarar si tru at vert denne sildebestanden bygt opp igjen, vil den også gjenoppta sitt gamle fordelingsmønster. Dette betyr at fisket på felt som no er i norsk sone, igjen vil bli viktig.

2.6.2. Sild vest for 4^ov.1.

Dette er ein rein EF-bestand. Bestanden har vore overvurdert samtidig som det i 1975 og 1976 vart fastsett høgare NEAFC-kvoter enn det ICES tilrådde. Resultatet er at bestanden er sterkt redusert og derfor innførde Storbritannia totalforbod mot sildefiske i dette området fra førstninga av juli d.å. Av ei norsk kvote på 6.900 tonn gjenstod det knapt 2.800 tonn.

Det er all grunn til å rekne med totalforbod mot sildefiske i dette området også i 1979, kanskje lenger.

2.7. Makrell.

Norske fiskarar fiskar på to makrellbestander, ein Nordsjø-bestand og ein vestleg bestand. Den første er fellesbestand mellom Noreg og EF, den siste EF-bestand. Om sumaren blandar desse to bestandane seg i Shetlandsområdet. Norske og andre land sine snurparar har tidlegare fiska godt i dette området i juli/august.

2.7.1. Nordsjøbestanden.

Denne bestanden har ikkje gitt sterke årsklasser sidan 1969 og gytebestanden har gått jamnt ned sidan 1973. Forskarane er no redd for at gytebestanden er så lav at den ikkje klarer å produsere sterke årsklasser. Når det så også i 1977 vart fiska meir på Nordsjøbestanden enn først rekna med, reduserte ICES si tilråding om totalkvote for 1978 fra 190.000 til 145.000 tonn. Ein viktig del av den siste tilrådinga var at 100.000 tonn måtte takast i Shetlandsområdet (nord for 60^on.br. og vest for 2^oø.1.). Siktemålet med dette var å få mest mogleg av fisket i det området der innblandinga av den vestlege bestanden er størst. ICES uttalte i juni d.å. at vart denne tilrådinga følgd, er det ein god sjanse for at same totalkvote kunne haldast også for 1979.

Frå norsk side vart det teke initiativ overfor EF for å

få redusert dei avtalte kvotene for Nordsjømakrell. Partane vart i førstninga av august einige om nye kvoter, 110.000 tonn (før 144.000 tonn) til Noreg og 35.000 tonn (før 46.000 tonn) til EF.

Det norske reguleringsopplegget tok sikte på å tvinge fisket over til Shetlandsområdet ved at fisket syd for 60°n.br. først skulle åpnast i 1. halvdel av september (seinare avtalt mellom Noreg og EF til 1.september). Så veit vi korleis det gjekk, etter mindre enn 3 veker var fisket nord for 60°n.br. slutt, og åpninga av fisket syd for 60°n.br. vart - etter krav frå fiskarane - framskote til 14.august.

Resultatet synes alt no klart: også i 1978 vert det fiska meir på Nordsjøbestanden enn tilrådd av ICES, og vi må vere budde på lågare kvoter for 1979. Dette må til for å forhindre ein ytterlegare sterk nedgang i gytebestanden. Så får vi berre vone at det snarast kjem sterke makrellårsklasser, av røynsle veit vi at dei kjem med ujamne mellomrom. No hastar det. Hvis ikkje, kan makrellsituasjonen lett bli paralell til det vi har opplevd når det gjeld nordsjø-sild og atlanto-skandisk sild. I alle fall er prognosen på 200.000 tonn "omkring 1980" for høg. 250.000 tonn "omkring 1985" er heilt avhengig av om det snarast kjem fleire sterke årsklasser.

2.7.2. Den vestlege bestand.

Fisket på denne bestanden auka sterkt frå 1970 til 1976. Både i 1975 og 1976 vart det fiska ca. 465.000 tonn. Det største kvantumet tok dei aust-europeiske land. Desse landa vart "kasta ut" av EF-sona i 1977. Sjølv om Storbritannia auka sitt kvantum sterkt, gjekk totalkvantumet ned i 1977, til ca. 315.000 tonn.

Denne makrellbestanden er no vesentleg sterkare enn Nordsjøbestanden. Sidan den er ein EF-bestand er dei norske kvotene heilt avhengig av det som vert avtalt med EF. Opprinnelig var den norske kvota for 1978 30.000 tonn men som kompensasjon for "sildetapet" (sjå pkt.2.6.2) vart den auka til 42.500 tonn.

2.8. Lodde.

2.8.1. Lodde i Barentshavet.

I loddefisket står vi no framfor ein særdeles vanskeleg situasjon der norske fiskarar samtidig får merke effekten av svakare årsklasser og deling av denne bestanden med Sovjetunionen. At ein slik situasjon kunne oppstå har i fleire år vore understreka

både frå forskarane og i frå fiskeriadministrasjonen.

Tilpasninga blir spesielt vanskeleg fordi vi i 1976 og 1977 hadde rekordkvanta av lodde, det siste året nærare 3.0 mill. tonn tilsaman (2.1 mill. tonn Noreg og 0.8 mill. tonn USSR). Det høge utbyttet i 1976 og 1977 kom av sterke loddeårsklasser i førstninga av 1970-åra. Dei årsklassene som det skal fiskast på i dei næraste åra, er av langt meir varierende styrke, enkelte tildels svake slik som 1975 og 1977-årsklassene og kanskje også 1978-årsklassen.

Fordi lodda gyt berre ein gong er det for lodde spesielt viktig å ha ein tilstrekkelig gytebestand. Kor lav gytebestanden kan vere og samtidig klare å produsere ei sterk årsklasse, er ikkje lett å seie. Forskarane har sagt at gytebestanden bør vere minst 0,5 mill. tonn. Etter dette vart reguleringa sist vinter lagt opp. Dei første tekn tyder på at 1978-årsklassa likevel vart svak. Er det tilfelle kan årsaka vere at lodda ikkje kom like langt inn til Norskekysten som vanleg og at gytinga dessutan foregikk i stor grad på Murmanskysten. Klekkingstilhøva der er truleg ikkje så gode som på Norskekysten.

I april d.å. vart loddebestanden for første gong vurdert av ei felles norsk-russisk forskargruppe. Rapporten frå denne gruppa konkluderte med at fisket i perioden september 1978 - mai 1979 burde begrenast til 1,5 mill. tonn. I månadene juni, juli og august som er den viktigaste vekstperioden, burde det ikkje fiskast lodde.

Forskarane si tilråding vart i juni drøfta på møte i den norsk-sovjetiske fiskerikommissjonen.

Frå norsk side var ein innstilt på å følgje opp forskarane sitt forslag om totalkvote. Men då det frå russisk side vart krevd halvparten av denne kvota, kunne det ikkje bli semje. Russarane sitt hovudargument er enkelt: lodde er ein fellesbestand og dei bør derfor disponere halvparten av totalkvoten.

Forskarar frå Noreg og Sovjetunionen vil i midten av oktober kome saman igjen for å vurdere om det er grunn til å endre tilrådinga fra april (totalkvote september 1978 - mai 1979 1,5 mill. tonn).

Forskarane vil på møtet i oktober også gje ein første indikasjon på nivået for totalkvoten for perioden september 1979 - mai 1980 (d.v.s. sommarloddefisket 1979 og vinterloddefisket 1980).

Det seier seg sjølv at det samla kvantumet som vil vere

til disposisjon for Noreg og Sovjetunionen for vinterloddefisket 1979 vert svært lite i forhold til fisket 1976 og 1977. Det er ikkje grunn til å tru at det samla kvantum vil bli over 1.0 mill.

Korleis kvantumet skal delast, kjem opp igjen i fiskerikommisjonen like etter forskermøtet. Eg kan ikkje sjå at ei 50-50-delning er akseptabelt. Men like klart er det at sjølv om delinga vert vesentleg nærare det norske kravet om 75% til Noreg, vil vi måtte rekne med langt lavare norsk loddekvanta i dei komande år enn det vi har hatt i 1976 og 1977, ca. 2.0 mill. tonn. I langtidsplanen er det dette nivået det er rekna med som totalutbytte, d.v.s. inkludert Sovjetunionens fangst, "omkring 1980". Tilrådinga om totalkvoten for perioden september 1978 - mai 1979 var lågare enn dette, 1,5 mill. tonn. Det kjem som nevnt av svakare årsklasser. Sjølv med normalt sterke årsklasser kan ein ikkje rekne med at totalkvantumet vil bli vesentleg over 2.0 mill. tonn. Når så dette skal delast med Sovjetunionen, skulle det vere klart at sjølv ei god deling gir et vesentleg lågare kvantum for Noreg enn dei siste års fiske. Norsk fiskerinæring bør snarast innstille seg på dette.

2.8.2. Lodde ved Jan Mayen.

Området ved Jan Mayen har vore sporadisk undersøkt av norske forskningsfartøy i mange år. Kapasiteten til Havforskningsinstituttet har ikkje gjort det mogleg å gje dette området ei fullgod dekning. På nokre av tokta er det konstatert lodde. Spørsmålet har vore om lodda har vore nok konsentrert til at det kunne drivast eit regulært fiske på den. Sidan midten av august har vi fått prov for at det går. Kor mykje lodde som kan takast her og kor lenge fisket kan foregå, er uvisst. Likevel, loddefisket ved Jan Mayen må sjåast på som svært positivt sjølv om dette fisket ikkje kan kompensere for den svikten vi får i Barentshavet.

3. Avtaler med andre land.

3.1. Generelt.

I samband med opprettinga av den økonomiske sone er det inngått fleire typer rammeavtaler med andre land. Dei kan grupperast slik:

- Avtaler om einsidig rett for andre land sine fiskarar til fiske i norsk sone
- Avtaler om rett til gjensidig fiske

- Avtaler om einssidig rett for norske fiskarar til fiske i andre land sine soner.

Av den første typen er avtalane med Polen, Øst-Tyskland, Portugal, Spania, Sverige (utenfor Skagerrak) og Finnland. Av desse har dei to nordiske landa 10 års avtaler, dei fire andre har rett til fiske ut 1980. Kvotene for desse landa vert gradvis redusert. Etter 1980 har dei kun rett til å fiske på "overskot". Slik bestandssituasjonen og vår eigen kapasitet no er, er det vanskeleg å sjå at det kan bli noke "overskot".

Viktigast for norske fiskarar er avtalane om rett til gjensidig fiske, dvs. avtalane med Sovjetunionen, EF og Færøyane. Det er foreløpig berre rammeavtalen med Sovjetunionen som er ratifisert. Det er berre eit tidsspørsmål før det vert gjort med Færøy-avtalen. EF-avtalen derimot er vorte kobla saman med debatten om den interne EF-fiskeripolitikken. Det kan derfor endå ta tid før den avtalen vert underskriven. At den vil bli det, trur eg.

Alle tre avtalane gjeld for 10 år med automatisk forlenging i 5 eller 6 år hvis dei ikkje vert oppsagt. Alle avtalane er svært generelt utforma og fastslår først og fremst dei generelle prinsipp om gjensidig fiske o.l.

Verken avtalen med Sovjet eller Færøyane seier noko om nivået det gjensidige fisket skal ligge på. Det er for begge avtalene overlete til dei årlege kvoteforhandlingane. Med Sovjetunionen skjer dette i den blanda norsk-sovjetiske fiskerikommissjonen.

I avtaleutkastet med EF er der derimot eit vedlegg som seier at det skal vere eit mål å få balanse i det gjensidige fisket innan 31.12.1982 og at balansen skal oppnåast gradvis. Det heiter vidare at nivået for balansen skal vere "det norske fisket i EF-sona dei seinare år".

I forhold til avtalen med Sovjetunionen og avtaleutkastet med Færøyane er dette svært viktige presiseringar sjølv om det ikkje er sagt om balansen er i mengde eller verdi. Så lenge det er fiskeslag av omtrent same verdi dei to parter tek i kvarandre sine soner, vil dette ha mindre å seie. Hvis derimot den eine parten fisker mest konsumfisk og den andre mest "industri-fisk", er det klart at det må medtakast eit verdielement i vurderinga av om det er balanse. Dette gjeld sjølv sagt like mykje avtalane med Sovjetunionen og Færøyane som avtalen med EF.

Utkastet til avtale med EF var ferdig sumaren 1977. Dette var før partane var klar over den sterke reduksjonen i det

norske fisket i EF-sona frå 1976 til 1977. Det må derfor vere nivået frå åra før 1977 som skal leggest til grunn. Det norske fisket i EF-sona svinga i åra 1972 til 1976 mellom 332.000 tonn (1972) og 474.000 tonn (1975). Gjennomsnitt for perioden 1972-76 var knapt 400.000 tonn.

Når det gjeld nivået for det gjensidige fisket med Sovjetunionen og Færøyane, er det som nevnt ikkje trekt opp i rammeavtalene. Dette spørsmålet er overlete til dei årlege kvoteforhandlingane. Det kan vel ha både fordelar og ulemper. Fordelen er at begge parter står friare og kan legge nivået for det gjensidige fisket opp etter bestandstilhøva kvart år. Ulempa er vel først og fremst at det kan bli store endringar frå år til år og dermed stor uvisse for dei som fisker i andre land sine soner.

I protokollane frå forhandlingane med Sovjetunionen om det gjensidige fisket for 1977 og 1978 heiter det begge år at "partene er enig om å tilstrebe en rimelig balanse mellom fiskerettigheter som på gjensidighetsbasis innrømmes". I den situasjon vi no står framfor med kvotefordeling av loddefisket er dette ei overmåte viktig presisering.

3.2. Kvoteartalen med Sovjetunionen.

Tradisjonelt har det vore forholdsvis stort russisk fiske i norsk sone på bestandar som ikkje er felles mellom Sovjetunionen og Noreg. Dette gjeld spesielt sei (både i Nordsjøen og nord for 62^on.br.), blåkveite og rødfisk. Det har derimot vore lite norsk fiske i sovjetisk sone på eksklusive russiske bestandar, det er faktisk kun fangst av sel i Østisen. På bestandar som ikkje er felles mellom Noreg og Sovjetunionen har det såleis både i 1977 og 1978 vore klar overvekt i det russiske fisket i norsk sone samanlikna med norsk fisket i russisk sone. (Eg viser til vedlegg 2 som viser dei avtalte kvotene mellom Noreg og Sovjetunionen for 1977 og 1978.)

Når det gjeld fellesbestandar er situasjonen meir komplisert: Torske- og hysekvotene er like for begge land, men det russiske fisket av torsk og hyse i norsk sone er vesentleg større enn det tilsvarande norske fisket i russisk sone. For lodde som ennå ikkje er kvotefordelt, varierer fiskeområda sterkt frå år til år. Gjennomgåande er det norske fisket i russisk sone større enn det russiske fisket i norsk sone.

Kva slags konklusjon kan trekkast av dette?

For det første er dette forholdet eit godt eksempel på

at ei rein kvantumssamanlikning ikkje held. Det norske loddefisket i russisk sone kan ikkje tilleggst same vekt som det russiske fisket av "konsumfisk" (torsk, hyse, sei, blåkveite og rødfisk) i norsk sone. Nettopp i slike tilfelle må eit verdielement inn. Og sjølv om det kan vere delte oppfatningar om dei verdier som skal leggst til grunn, er det klart at det i 1977 og 1978 ikkje er den balanse i det gjensidige fisket som er siktemålet etter protokollane.

Ein slik balanse kan oppnåast på to måter: Enten ved at det russiske fisket i norsk sone vert sterkt nedtrappa eller at Noreg får klar overvekt ved fordelinga av totalkvoten for lodde.

Etter mitt skjøn må det vere rett at Noreg fortsatt gir Sovjet kvoter på sei, blåkveite og rødfisk mot at ein frå norsk side får kompensasjon gjennom overvekt av lodde. Det er også rett at Sovjetunionen får ta ein forholdsvis stor del av sine torske- og hysekvoter i norsk sone. Fisken er større i norsk sone enn i russisk sone. Derfor er ei slik fordeling av fisket rett. Tilsaman vil dette gi eit gjensidig fiske på eit høgt nivå. Slik tilhøva er i Barentshavet med viktige ressurser felles mellom Noreg og Sovjetunionen, trur eg ei slik linje vil tene dei samla norske fiskeriinteressane best.

Dei andre spørsmåla som hittil har teke mest tid i forhandlingane med Sovjetunionen, er maskevidderegulering m.v. Eg viser her til det som er sagt under pkt. 2.1.

3.3. EF.

Som kjent lukkast det ikkje å få til nokon kvoteavtale med EF for 1977. Det vart istaden ein "forståelse" om "stillstand" i fisket i kvarandre si sone, d.v.s at fisket ikkje skulle trappast opp. For EF sitt fiske i norsk sone nord for 62^on.br. vart det fastsett kvoter.

Lenge såg det også ut til å låse seg fast med ein kvoteavtale for 1978. Etter kompliserte tingingar vart det til slutt eit resultat i februar i år. I forhold til den skeive utvikling i det gjensidige fisket i 1977, er avtalen ei oppretting og eit klart steg i retning av den balanse i det gjensidige fisket som er forutsett ved utgangen av 1982. Det er likevel klart at der er minus-sider i avtalen, bl.a. lukkast det ikkje å kome fram til sonekvoter for fellesbestandane. Desse vart fordelt etter det historiske fisket som gir EF klar overvekt for torsk, hyse og kviting samtidig som det gir Noreg klar overvekt for

makrell. At det ikkje lukkast å få torskekvoter verken ved Aust- eller Vest-Grønland er også eit minus. Her var det ein kombinasjon av bestanssituasjonen og Grønland sin uavklara status i EF som spela inn. No er det i alle fall klare utsegn frå havforskarane om at torskebestanden ved Vest-Grønland er i oppgang. Neste år avgjer Grønland om dei blir med i EF. Eg trur derfor ikkje at det er nødvendig å avskrive norsk torskefiske ved Grønland.

Etter den revisjon som vart gjort i avtalen 4.august d.å. som følgje av Storbritannia sitt forbod mot sildefiske vest for 4^ov.lengde, gjev kvoteavtalen norske fiskarar rett til å fiske 347.000 tonn i EF-sonen, plus fritt kolmulefiske. Dette fisket gav i år ca. 30.000 tonn i EF-sona slik at samla norsk kvantum i EF-sona kan bli 377.000 tonn. Dei samla EF-kvotene i norsk sone er 420.000 tonn (herav 97.800 tonn nord for 62^on.br.).

Det er grunn til å understreke at når det gjeld EF-kvotene i norsk sone, så er desse redusert i forhold til fangstane. Ser ein på den verdimeslige balanse viser den basert på norske førstehandsprisar, at Noreg i alt kan fiske for ein samla verdi av 410 mill.kr. (i norske 1977-priser) i EF-sona i 1978 og EF har kvoter til ein verdi av 540 mill.kr. (i britiske 1977-priser) i norsk sone. Til samanlikning kan nemnast at Noreg fiska for omlag 175 mill.kr. i EF-sona i 1977 medan EF sitt fiske i norsk sone utgjorde 636 mill.kr. i fjor (i britiske 1977-priser). (Eg viser elles til Vedlegg 3a og 3b som viser dei avtalte kvotene mellom Noreg og EF for 1978.)

Det må understrekast at desse tala må takast som ein illustrasjon. Ingen av partane vil klare å ta alle sine kvoter i den andre part si sone fullt ut. (Det gjeld særleg fellesbestandane i Nordsjøen.) Likevel stadfester desse tala at kvoteavtalen mellom Noreg og EF er eit klart steg i retning av den balanse som skal nåast ved utgangen av 1982.

Eit forhold som har skapt uro på norsk side den siste tida, er spørsmålet om EF verkeleg held sin del av kvoteavtalen når det gjeld EF-landa sitt fiske på fellesbestandane i Nordsjøen. Dette spørsmålet er reist fleire gonger overfor EF, og det er gjeve forsikringer om at EF-landa ikkje kjem til å overfiske EF-kvotene. Etter det såkalla Berlin-forliket i januar d.å. har 8 av landa (unntatt Storbritannia) sagt at dei vil halde seg til dei kvoter som EF-kommisjonen har foreslått jamvel om dei ikkje er formelt vedtekne.

Tingingar om ein kvoteavtale for 1979 vil starte i nær

framtid. Bestandssituasjonen er svak for nokre av dei viktigaste bestander som dei to parter er interessert i å fiske i den andre part si sone. Sjølv om einkvar kvoteavtale sjølv sagt må ta omsyn til slike realiteter, må ein vere klar over at ein kan skape fleire problem enn ein løyser ved å trappe den andre part sitt fiske sterkt ned. Det kan vere nærliggande å velge ei slik linje no, men då kjem nivået for det gjensidige fisket svært lavt. Det vil kunne skape problemer å få det opp igjen når nedfiska fiskebestander vert gjenoppbygd.

3.4. Færøyane.

Færøyane valgte å stå utanfor EF. Dermed var det naturleg med ein eigen rammeavtale mellom Færøyane og Noreg (som nevnt er den endå ikkje ratifisert frå norsk side). Det er på same måte som med Sovjetsamveldet inngått kvoteavtaler med Færøyane for 1977 og 1978. (Dei avtalte kvotene gjeng fram av Vedlegg 4.)

Medan avtalen for 1977 (etter norske prisar) ga verdimelessig overvekt til Færøyane, gjev dei avtalte kvoter omtrent verdimelessig balanse i 1978. Kvantumsmessig er det begge åra klar overvekt til Noreg, det kjem av kolmulefisket og illustrerer godt kor mangelfull ein rein kvantumssamanlikning blir.

Det har vore ein del praktiske problem når det gjeld gjennomføring av avtalane, men dei er løyst etterkvart.

Avtalen med Færøyane er spesielt viktig for den norske banklineflåten og for kolmuletrålarane. Kvotene for sei og "bankfisk" ser ut til å dekke behovet i åra som kjem. Derimot har vi interesse av å auke kolmulefisket. Endå kjem denne bestanden i gruppa "overskot", men dette er i ferd med å endre seg.

Det er forholdsvis god balanse mellom det norske sei- og banklinefisket i færøysk sone og det færøyske fisket i norsk sone nord for 62^on.br. Ein kan derfor seie at det norske kolmulefisket vert balansert med det færøyske makrell- og industritrålfisket i norsk sone. Så lenge kolmulefisket kjem i kategorien "overskot" må vi kunne rekne med å få auke fisket. Men det er klart at det er ikkje lenge "kolmule" er i denne kategorien og vi må då "betale" Færøyane for auka kolmulefiske. Når nordsjøsilva er bygd opp igjen, er det lettare å gjere det.

Dette viser at balansen i to land sitt gjensidige fiske bør kunne sjåast over ei lengre periode enn eit år.

Generelt vil eg seie at eg har god tru på godt fiskerisamarbeid mellom Noreg og Færøyane med eit gjensidig fiske i

1980-åra på eit høgt nivå. Slik strukturen er i dei to landa sine fiskeflåter, vil det vere til fordel for begge parter.

3.5. Canada og Island.

I desse landa sine soner har Noreg einsidig rett til fiske.

Noreg var det første land som hausten 1975 inngjekk ein rammeavtale med Canada. Etter avtalen har Noreg rett til å fiske på "overskot" i den canadiske sone. Avtalen har danna mønster for mange av dei andre rammeavtalane Canada har inngått. Det ville vere rimelig å vente at dette ikkje ville bli gløymt.

Canada har svært små fiskeriinteressar i andre land sine soner og køyrer ei hard kyststatslinje. Frå og med i år vert det krevd lisensavgift. Dette og strenge lisens- og rapporteringsreglar har ført til at norske torskekvoter i canadisk sone er lite utnytta både i fjor og i år.

For 1979 vert kvotene til andre land delvis kobla med handelsfordelar for canadiske fiskeprodukt. Dette må seiast å vere ei overraskande utvikling. Det må kunne reisast tvil om det var dette som var siktemålet med dei økonomiske soner.

Frå norsk side vil det bli prøvd å halda på dei fiske- og fangstkvoter Noreg har i canadisk sone. Kor lett det vil bli, er ei anna sak.

Island har også køyrt ei svært hard linje overfor andre land, i år er det berre Færøyane og Noreg som har rett til å fiske innanfor den islandske fiskerigrensen (Island har utvida si fiskergrense, ikkje oppretta økonomisk sone).

Etter avtalen frå 1976 har Noreg rett til å fiske "bankfisk" med 45 båter i islansk sone, derav 30 i sonen samtidig. Avtalen kan seiast opp med 6 månaders varsel. Det er Island som fastset det norske kvantumet. I fjor vart fisket stoppa da det var teke vel 3.000 tonn. I år er kvoten skoren ned til 2.000 tonn. Fisket måtte derfor stoppast i månadsskiftet juli/august.

Det må på litt sikt vere mogeleg å kome i eit betre fiskeriforhold til Island. Lukkast det å bygge opp igjen den atlanto-skandiske sildebestanden er det naturleg med ein annan type rammeavtale enn det vi har i dag. Når vi veit meir om lodda ved Jan Mayen, kan kanskje også den gjere det nødvendig med ein annan type avtale med Island. Derfor bør ikkje norsk fiske i islandsk sone avskrivast sjølv om det no er vanskeleg å få til tilfredsstillande ordningar.

4.0. Avslutting.

Skal ein trekke ein konklusjon av det svært samansette ressursbildet vi no står framfor, må det bli: Den tilstanden våre viktigaste fiskeslag er i i dag viser at hittil har nødvendige reguleringstiltak vorte iverksett for seint og dei har vore for lite vidtgående. Hadde tiltaka vorte sett inn før, kunne dei ha vore mindre vidtgående og følgjeleg langt lettare å akseptere for fiskarane. Det er all grunn til å tru at dei økonomiske sonene etterkvart vil gje ei langt meir rasjonell utnytting av dei levande ressursane i havet. På mindre enn 2 år kunne ein ikkje vente at vår 200. mils sone kunne endre situasjonen vesentleg. Det er fleire årsaker til det. Dei land vi samarbeider med deler ikkje alltid vårt syn på kva slags tiltak som bør gjevast høgaste prioritet. Men også tiltak som vi aleine kan gjennomføre, blir ikkje realisert fullt ut. Vi kan såleis ikkje berre skulde på andre.

Vi kan alt no konstatere at nokre av ressursprognosene i Langtidsplanen vil svikte. Dette gjeld perioden "omkring 1980". Fortsatt kan tiltak settest inn slik at nivået "omkring 1985" kan nåast.

Det må understrekast at det i dag også er lyspunkt. Som venta er det i dei bestander der det har vorte gjennomført strenge reguleringar. Eksempel på dette er nordsjøsilde og atlanto-skandisk silde. Vert det også i åra som kjem vist varsemd og forsatt halde på strenge reguleringar, er det håp om at 1980-åra kan gje gradvis aukande kvantum av desse sildeslaga. Også i den nordlige sei-bestanden trur vi at det går rette vegen. Det er resultat av nedtrappa utanlandsk fiske. Det er då grunn til uro fordi effekten av dette vert redusert av auka norsk fiske på små-sei.

Stort sett har det vore bra oppslutting om dei reguleringar som styresmaktene har gjennomført. Av og til har det likevel vore litt for lett i runde og generelle ordelag å seie seg einige i at reguleringer må til, spesielt i dei fiskeri som ein sjølv ikkje driv. Kritikkk av andre land har også vorte nytta for å forklare utilfredsstillande forhold. Ofte har det vore på sin plass. Det er det i mange tilfelle også i dag. Men, når det er sagt, så må vi vere klar over at vi sjølv også har eit stort ansvar og vi må vere budd på at vi etterkvart kan få høve til å vise at vi virkelig meiner det vi seier.

Noreg har tradisjonelt teke ein stor del av sitt kvantum utanfor andre land sine kyster, i område som nå er i desse landa

sine økonomiske soner. Det var stor uvisse her i landet korleis sonene ville slå ut for dei fiskarane som fiske i desse områda. Dei viktigaste av slike felt er i dag i sovjetisk, færøysk eller EF-landa sine soner. Følgjeleg vil samarbeidet med Sovjet-unionen, EF og Færøyane bli overmåte viktig i åra som kjem. Rammeavtalen med EF er endå ikkje underskriven. Kvoteavtalen for 1978 løyser ein del av dei kortsiktige problema og inneheld element (sildeforbudet i Nordsjøen) som lovar godt for framtida.

Heller ikkje samarbeidet med Sovjet-unionen er problemfritt. Ein står no framfor tingingar om fordeling av ei lav loddekvote. Dei to partane sine primære krav står langt frå kvarandre. Det er også fortsatt stor forskjell i synet på kva tiltak som er nødvendig for å verne om torskebestanden og andre bestander i Barentshavet.

Når det gjeld storleiken på vårt fiske i sonene til EF-landa, Sovjetunionen og Færøyane har vi sjølv ein stor innverknad på det gjennom dei kvoter vi vil gje desse landa i vår sone. Men her må ein vere klar over det konkurransetilhøvet som kan oppstå mellom dei ulike interessegruppene i norsk fiske.

Norske fiskeristyresmakter vil også i åra som kjem stå framfor store oppgåver som må løysast. Skal det kunne skje på ein tilfredsstillande måte for norske fiskarar er det ein føresetnad at Noreg har ei godt utbygd havforskning og fiskeradministrasjon som har kapasitet til å følgje sakene skikkeleg opp.

Har vi det?

Norsk fiskeriforskning og -administrasjon har fått noko auke i utstyr og personell dei siste åra. Auken er likevel ikkje stor nok til å dekke dei store meiroppgåvane som sonene har medført. Resultatet er blitt ei svært streng prioritering og ikkje fullgod dekning av alt. Det gjeld både fiskeradministrasjonen og havforskningen. Fiskarane bør vere klar over dette når dei klager over dei ting som ikkje vert gjort.

Samarbeidet mellom administrasjon - fiskar - forskar har vore bra i dei 5 åra som eg har vore fiskeridirektør. Det nytter eg høvet til å takke for. Likevel kan det ikkje skjulast at synet til forskarane/administrasjonen og fiskarane har kollidert av og til. Det har spesielt vore tilfellet i debatten om atlantiskandisk sild. Ein kontinuerleg debatt om ressursituasjonen og fiskerireguleringar er ønskjeleg. Eg trur at det er nettopp takka vere slike debatter at norske fiskarar er betre orientert om bestandstilhøva enn fiskarane i mange andre land. Eg håper at det vil vere tilfelle også i åra som kjem.

Om langtidsplan for norsk fiskerinæring

Tabell 5.3a. Prognose over forventet norsk fangstpotensiale omkring 1980 og 1985 (1 000 tonn rund vekt).

	Norsk fangst Gj.snitt			Potensielt utbytte av den totale bestanden		Forventet (mulig) norsk fangst	
	1970—74	1975 ³⁾	1976 ³⁾	omkring 1980	omkring 1985	omkring 1980	omkring 1985
<i>Gr. I</i>							
Norsk-arktisk torsk ...	350	288	340	800	900		
Norsk kysttorsk	32	40	40				
Torsk v/andre lands kys- ter (ICNAF-området, Øst-Grønland, Færøy- ane og Island)	31	7	8				
Norsk-arktisk hyse	56	59	47	200	220	} 600	} 830
Hyse stad-Lofoten	3	3	3				
Sei (Stad—Finnmark)	145	123	122	200	220		
Blåkveite	13	5	6	40	40		
Uer	6	5	7	150	170		
<i>Gr. II</i>							
Torsk (Nordsjøen + Skagerak) ¹⁾	7	4	4	200	220	} 220	} 250
Hyse (Nordsjøen + Skagerak) ¹⁾	7	7	4	200	210		
Hvitting (Nordsjøen + Skagerak) ¹⁾	3	15	8	140	200		
Sei (Nordsjøen + Skagerak) ¹⁾	18	22	33	200	230		
Sei (Færøyane)	1	0	2	40	40		
Lange, blålange og brosme	49	46	53				
Pigghå	21	16	17	30	30		
<i>Gr. III</i>							
Nordsjosild (Nordsjøen og Skagerak)	158	31	33	100	500	} 1 365	} 1 195
Nordsjosild vest for 4° v.				100	100		
Atlanto-skandisk sild ..	22	4		40	150		
Makrell, Nordsjøbestand				200	250		
Makrell, vestlig bestand	254	243	212	220	250		
Brisling, Skagerak, Kat- tegat, Norske fjorder	12	6	8	70	70		
Brisling, Nordsjøen	4	156	106	300	300		
Lodde (Barentshavet) ..	1 301	942	1 927	2 000	1 500		
Lodde (Labrador—New- foundland)	17	37	23				
<i>Gr. IV</i>							
Øyepål	111	231	142			} 365	} 415
Tobis	23	54	44				
Kolmule, Nordsjøen ...	47	45	40				
Kolmule, vest for 4° v. ..	1	7	26				
<i>Gr. V</i> Reker	10	19	24			23	25
<i>Gr. VI</i> Andre fiske- sorter	192	59				60	60
I alt	2 894	2 477	3 284 ²⁾			2 713	2 775

1) Fangstoppavene inkluderer bifangster i industritrålerfisket. Disse er trukket ut av øyepalkvantommet.

2) I tillegg kommer kvantommet for andre fiskesorter.

3) Foreløpige tall.

Vedlegg 2. NOREG - SOVJETUNIONEN. Avtalte kvoter for gjensidig fiske 1977 og 1978

Område/art	Norsk fiske og fangst i russisk sone			Russisk fiske i norsk sone		
	1977		1978	1977		1978
	Avtalte kvoter tonn/dyr	Fangst tonn/dyr	Avtalte kvoter tonn/dyr	Avtalte kvoter tonn	Fangst tonn	Avtalte kvoter tonn
<u>Nord for 62° n.br.</u>						
Torsk	30.000	2.000	30.000	80.000		80.000
Hyse	5.000	500	5.000	10.000	66.000	10.000
Sei				10.000	1.000	5.000
Blåkveite				14.000	7.000	12.500
Uer				95.000	93.000	75.000
Lodde	500.000	223.000	500.000	500.000	400	500.000
Reke			1.000			
Sel (Østisen)	16.000	6.248	16.000			
Vågehval	..	418	..			
<u>Syd for 62° n.br.</u>						
Sei 1)				55.000	36.800	40.000
Makrell				1.000	100	1.000
Sum fisk ekskl. lodde	35.000	2.500	36.000	265.000	203.900	223.500
Sum fisk inkl. lodde	535.000	225.500	536.000	765.000	204.300	723.500
<u>Forsøksfiske</u>						
Kolmule					700	10.000
Polartorsk			10.000			

1) Inkludert inntil 10% bifangster av torsk, hyse, hvitting.

NORSK FISKE DE SISTE ÅR OG AVTALTE KVOTER FOR NORSK FISKE I EF-SONEN I 1978

Art	ICES-område	NORSK FISKE I EF-SONEN			AVTALT KVOTE
		1972-75	1976	1977	1978
1.000 tonn rund vekt					
Fellesbestander:					
Torsk	IV	1,0	0,9	0,3	6,0
Hyse	IV	2,8	2,5	0,4	5,0
Sei	IV og IIIa	2,0	3,6	2,6	14,0
Hvitting	IV	3,3	5,9	1,3	8,0
Rødspette	IV	Ø	Ø	Ø	1,0
Sild	IV	53,4	26,7	2,3	-
Makrell	IV og IIIa	129,3	68,5	34,7	65,0
Hestemakrell		8,5	1,1	-	...
Brisling	IV	42,5	86,4	21,6	80,0 ²⁾
Øyepål	IV	69,5	47,0	18,2	35,0
Tobis	IV	2,0	28,6	4,5	35,0 ³⁾
Kolmule	II, VI, VII og XIV	3,0	7,4	9,0	...
Blålange og lange		10,0	11,2	10,9	20,0
Brosme		3,5	3,3	3,2	
Pigghå		11,8	10,0	7,0	12,5
Andre arter		3,8	1,3	0,5	5,0
Vågehval (antall)		(489	390	100)	...
Burgde	
Håbrann	
Fellesbestander i alt:		346,4	304,4	116,5	286,5
EF-bestander:					
Sild	VIa	20,1	4,7	1,4	4,1
Makrell	VI og VII	17,2	4,1	-	42,5
Brisling	IV				
Reker Vest-Grønland		4,8	11,7	7,0	10,3
" Øst "		-	-	-	...
Torsk Vest "		14,8 ¹⁾	2,8	1,8	-
Torsk Øst "		1,9 ¹⁾	0,4	1,3	-
Kveite, blåkveite og uer, Øst- og Vest-Grønland		0,2	0,1	0,3	4,0
EF-bestander i alt:		59,0	23,8	11,8	60,9
Totalt		405,4	328,2	128,3	347,4 ³⁾

- 1) 1975-kvantumet. Tidligere år er fangstene ved Øst-Grønland enten ført på Vest-Grønland eller på Barentshavet.
- 2) I 1978 regnes brisling i Nordsjøen som en EF-bestand i reguleringssammenheng.
- 3) I tillegg kommer fritt kolmulefiske. Kvantumet er i år 32.600 tonn.

Tabell 3b

NOREG - EF

EF'S FISKE I NORSK SONE OG AVTALTE KVOTER FOR EF'S FISKE I NORSK SONE I 1978

Områder og arter	<u>EF'S FISKE I NORSK SONE</u>			<u>AVTALT KVOTE</u>
	Kvantum i 1.000 tonn rund vekt			
	<u>1972-75¹⁾</u>	<u>1976²⁾</u>	<u>1977³⁾</u>	<u>1978</u>
Nord for 62°n.br.:				
Torsk		85,8	55,4	50,0
Hyse		31,5	11,2	9,3
Sei		59,1	30,6	22,0
Uer		7,4	10,7	10,0
Blåkveite		...	0,5	1,5
Rødspette	
Diverse		20,5	1,2	5,0
Sum nord for 62°n.br.	<u>191,4</u>	<u>204,3</u>	<u>109,6</u>	<u>97,8</u>
Fellesbestander i Nordsjøen:				
Torsk	33,2	34,7	21,8	25,4
Hyse	24,4	39,3	29,6	17,8
Sei	39,5	56,4	31,7	44,3
Hvitting	12,9	9,3	9,0	12,3
Rødspette	13,0	13,0	13,8	12,0
Sild	30,0	3,8	1,6	...
Makrell	3,5	0,2	2,0	5,5
Brisling	7,5	4,8	2,8	...
Øyepål	59,5	36,8	40,7	50,0
Tobis	155,1	86,9	239,6	150,0
Kolmule	-	-		
Reker	0,3	0,3	0,4	...
Annet	...	57,2	26,4	5,0
Sum sør for 62°n.br.:	<u>378,9</u>	<u>342,7</u>	<u>419,4</u>	<u>322,3</u>
Totalt	570,3	547,0	529,0	420,1

- 1) Kilde: EF notatet av 1.11.1977, tabell 3 og 6. Feil i kildematerialet har ført til at Storbritannia står oppført med øyepålfangster i norsk sone i tabell 3. Dette er korrigert her. Videre er EF's rødspette- og rekekvantum satt lik det EF selv rapporterte for 1976, henholdsvis 13.000 og 300 tonn i norsk sone.
- 2) Kilde: EF's oppgaver over fiske i norsk sone i 1976 bortsett fra de franske torske- og hysetallene hvor en har tatt utgangspunkt i totalfangstene i ICES områdene I, IIa og IIb og foretatt fordeling på soner i samme forhold som i Simmonets brev til Otto Hanssen datert 16.11.77 (64% i norsk sone). Blåkveite og rødspette nord for 62°n.br. er inkludert i diverse.
- 3) Kilde: EF's oppgaver over fiske i norsk sone overlevert på møte i Bergen 7.2.78.

Vedlegg 4.

NOREG - FÆRØYANE. Avtalte kvoter for gjensidig fiske 1977 og 1978.

Fiskeart	Norsk fiske i færøysk sone			Færøysk fiske i norsk sone		
	1977		1978	1977		1978
	Avtalte kvoter tusen tonn	Fangst tusen tonn	Avtalte kvoter tusen tonn	Avtalte kvoter tusen tonn	Fangst tusen tonn	Avtalte kvoter tusen tonn
Bunnfisk ²⁾	8-10	8.4	12.0	10.0	5.6	10.5
Kolmule ³⁾		29.8	81.5			
Øyepål/tobis ³⁾					1.7	20.0
Nordsjøsild					0.8	
Makrell				15.0	11.3	15.0 ⁴⁾
Sum		38.2	93.5		19.4	45.5

2) Den færøyske bunnfiskkvoten i 1978 fordeler seg med 7.500 tonn torsk, 1.500 tonn hyse og 1.500 tonn annet.

3) Det er ikke avtalt kvoter for kolmule og øyepål/tobis. For 1978 er beregnet fangst ført opp.

4) Det er mulig at denne kvoten blir redusert til 13.000 tonn mot at Færøyane får rett til å fiske brisling i norsk sone i Nordsjøen.



